

INNKALLING

TIL

ORDINÆR GENERALFORSAMLING

I

VALEN KRAFTVERK AS

14. juni 2018- kl. 10.00

ORDINÆR GENERALFORSAMLING I VALEN KRAFTVERK AS

vert halde ved Hordaland Fylkeskommune, Bergen

torsdag 14. juni 2018 - kl 10.00 på fylkesvaraordføraren sitt kontor

SAKLISTE:

GODKJENNING AV MØTEINNKALLING

VAL AV MØTELEIAR

VAL AV REFERENT

1/18 ÅRSRAPPORT 2017 MED REKNESKAP OG STYRET SI ÅRSMELDING

2/18 REVISJONGODTGJERSLE FOR 2017

3/18 KAPITALFORHØYING MED GJELDSKONVERTERING

4/18 ENDRING AV SELSKAPET SINE VEDTEKTER I ANLEDNING
KAPITALFORHØGINGA

5/18 HONORAR TIL STYRET

6/18 VAL

BERGEN 8.6.2018

Johnny Stiansen
Styreleiar

VEDLEGG

1. Rekneskap og årsmelding 2017 – med revisjonserklæring
2. Utgreiing frå styret i samband med kapitalforhøyning i Valen Kraftverk AS
3. Erklæring frå revisor til utgreiinga frå styret om kapitalforhøyinga
4. Motrekningserklæring
5. Aksjeteikning

SAK 1 REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2017 - VALEN KRAFTVERK AS

Som vedlegg følger styregodkjent årsmelding og rekneskap for 2017 med notar og revisjonserklæring.

Styret handsama rekneskapen og årsmeldinga for 2017 den 7. mai 2018 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Administrasjonen sitt framlegg til rekneskap vert vedteke som styret sitt framlegg til rekneskap for 2017.
2. Framlegg til årsmelding vert vedteke som styret sitt framlegg til årsmelding for 2017 med justeringer gjort i styremøte.
3. Styret tilrår at overskotet vert disponert som fylgjer:

Utdeling av utbytte for 2017:	kr	0
Overføring til anna eigenkapital:	kr	1 706.815
Sum disponeringar (= årsresultatet)	kr	1 706.815
4. Styret tek atterhald om godkjent revisjonsberetning

Forslag til vedtak:

1. *Generalforsamlinga godkjenner Valen Kraftverk AS sin rekneskap for 2017.*
2. *Generalforsamlinga godkjenner årsmeldinga for 2017.*
3. *Årsoverskotet for 2017 på kr 1 706.815,- vert disponert slik:*

- Utdeling av ordinært utbytte	kr	0,-
- Overført til annan eigenkapital	"	1 706.815,-
Årsresultat (sum disponeringar)	kr	1 706.815,-

SAK 2 REVISJONGODTGJERSLE FOR 2017

Godtgjersle for revisjon for 2017 var kr 55.600,-

Forslag til vedtak:

Generalforsamlinga godkjenner godtgjersle for revisjon for 2017 på kr 55.600,-

SAK 3 FORHØYING MED GJELDSKONVERTERING

Fylkestinget godkjente i juni 2017 å auke aksjekapitalen i Valen Kraftverk AS med 6 mill. kr frå 1 mill. kr til 7 mill. kr. Gjennomføringa av auken i aksjekapitalen skulle skje ved at fylkeskommunen ettergir (motreknar) eit ansvarleg lån på 6 mill. kr som Valen Kraftverk AS fekk i samband med skipinga av selskapet. Auken i aksjekapitalen vil etter dette skje utan kontantutlegg frå fylkeskommunen.

Generalforsamlinga må godkjenne dette.

Styret har handsama spørsmålet og utarbeidd ei eiga erklæring som ligg ved dokumenta til denne generalforsamlinga. Erklæringa – som selskapet sin revisor har avgitt ei erklæring til – skal straks etter generalforsamlinga – saman med eit eige dokument der fylkesordføraren teiknar aksjekapitalforhøginga og ei motrekningserklæring – sendast til Brønnøysundregisteret for registrering.

Styret si utgreiing, revisor si erklæring og motrekningserklæringa følgjer som vedlegg til denne innkallinga.

Styret finn det føremålstenleg å styrke selskapet sin egenkapital, og foreslår derfor at fordringa som Hordaland Fylkeskommune har mot selskapet konverterast til egenkapital. Styret og fordringshavaren er einige om at fordringa på NOK 6 000 000, kan nyttast som kapitalinnskot ved kapitalforhøging i selskapet.

Forhøyinga av aksjekapitalen skal gjennomførast slik:

- a) Aksjekapitalen aukast frå NOK 1 000 000 med NOK 6 000 000 til NOK 7 000 000 ved auking av pålydande på alle av selskapet sine 10 000 aksjar frå NOK 100 pr. aksje til NOK 700 pr. aksje. Samla teikningsbeløp er NOK 6 000 000.
- b) Aukinga av pålydande på aksjane teiknast av dagens aksjonærar.
- c) Aksjane teiknast i eit eige dokument underteikna av fylkesordføraren.
- d) Aksjeinnskotet skal gjerast opp direkte etter teikninga ved motrekning av fordring på NOK 6 000 000 som Hordaland Fylkeskommune har mot selskapet. For nærare beskriving av innskotet vert det vist til styret si utgreiing.
- e) Aukinga av pålydande på aksjane gir rett til utbytte og rettigheter for øvrig frå og med kapitalforhøginga er registrering i Føretaksregisteret.
- f) Utgiftene til kapitalforhøginga dekkast av selskapet.

Avskrift av seinaste årsrekneskap, årsmelding og revisors melding er lagt ut på selskapet sitt kontor.

Det føreligg ikkje hendingar etter siste balansedag som er av vesentleg betydning for selskapet.

Forslag til vedtak:

Generalforsamlinga vedtek følgjande kapitalforhøying.

- a) Aksjekapitalen aukast frå NOK 1 000 000 med NOK 6 000 000 til NOK 7 000 000 ved auking av pålydande på alle av selskapet sine 10 000 aksjar frå NOK 100 pr. aksje til NOK 700 pr. aksje. Samla teikningsbeløp er NOK 6 000 000.
- b) Aukinga av pålydande på aksjane teiknast av dagens aksjonærar.
- c) Aksjane teiknast i generalforsamlingsprotokollen.
- d) Aksjeinnskotet skal gjerast opp direkte etter teikninga ved motrekning av fordring på NOK 6 000 000 som Hordaland Fylkeskommune har mot selskapet. For nærare beskriving av innskotet vert det vist til styret si utgreiing.
- e) Aukinga av pålydande på aksjane gir rett til utbytte og rettigheter for øvrig frå og med kapitalforhøginga er registrering i Føretaksregisteret.
- f) Utgiftene til kapitalforhøginga dekkast av selskapet.

Sak 4 ENDRING AV SELSKAPET SINE VEDTEKTER

Ettersom aksjekapitalen i selskapet vert auke med 6 mill. kr til 7 mill. kr må dette også formaliserast i selskapet sine vedtekter.

Forslag til vedtak:

Vedtektene sin § 4 endrast og får følgjande ordlyd:

"Selskapet sin aksjekapital er NOK 7 000 000, fordelt på 10 000 aksjar, kvar pålydande kr 700."

SAK 5 HONORAR TIL STYRET

SAK 6 VAL

Styret tek attval for eitt år.

Forslag til vedtak:

Styret vert uforandra for eitt år.

Ernst Johnny Stiansen - styreleiar

Guro Klyve - styremedlem

Sigrid Helene Aardal - styremedlem

